



RELYON NUTEC NORWAY AS AVD BERGEN
Postboks 6 Ytre Laksevåg
5848 Bergen

Saksbehandlar, innvalstelefon
Julie Marie Andersen, 5557 2355

Rapport frå inspeksjon ved Brannøvingsfelt Relyon Nutec Norway avd. Bergen

Kontrollnummer: 2022.253.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Eirik Monssen
Frode Loftesnes
Jesper Jonø

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Julie Marie Andersen
Anette Heggøy

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Brannøvingsfelt Relyon Nutec Norway avd. Bergen den 29.09.2022. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekket 2 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

1. Verksemda si internkontroll har manglar
2. Verksemda si substitusjonsvurdering har manglar

Merknader:

1. Datablad for kjemikalier er ikkje tilgjengeleg på lagerrom

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Med helsing

Anette Heggøy
overingeniør

Julie Marie Andersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Bergen kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: RELYON NUTEC NORWAY AS AVD BERGEN	
Organisasjonsnr.: 971913592	Eigd av: 936993850
Bransjenr. (NACE-kode): 84.250 - Brannvern	

Kontrollert eining

Namn: Brannøvingsfelt Relyon Nutec Norway avd. Bergen	Anleggsnr.: 4601.0719.01
Kommune: Bergen	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Brannøvingsplass	
Løyve gitt:	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sin landsdekkande tilsynsaksjon for brannøvingsfelt 2022.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48 og produktkontrollova § 8.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikal
- Utforming av brannøvingsplassar
- Oppsamling – og reinsesystem

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

RelyOn Nutec pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 15. desember 2022** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de svarer på e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 27. juni 2022. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventna ressursbruk må RelyOn Nutec betale eit gebyr på kr 21 000,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil en dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland.

Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda si internkontroll har manglar

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 6 og 7

Kommentarar til regelverket:

Internkontrollforskrifta gir reglar om kva arbeidet med det systematiske HMS-arbeidet skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg.

Risikovurderingar for ytre miljø

I samsvar med § 5 andre ledd punkt 6 i forskrifta må verksemda kartlegge og vurdere risiko for forureining av ytre miljø frå si daglege drift og verksemd. Risikovurderinga skal dokumenterast skriftleg, og omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining. På bakgrunn av risikovurderingane skal det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda har utarbeida ei miljørisikovurdering som gjeld for heile verksemda, men det er ikkje gjort ei lokal miljørisikovurdering for RelyOn Nutec sin brannøvingsplass i Bergen. Ei slik risikovurdering bør til dømes vurdere fare for søl under oppbevaring av produkt med mogleg miljørisiko (brannskum, brennstoff mm.), og risiko ved avrenning til kum utan reinsing under øving, og om det er naudsynt med nærmare kartleggingar som prøvetaking av kum/utsleppspunkt i sjø (sjå «andre tilhøve» på side 6) eller andre avbøtande tiltak.

Avvik 2: Verksemda si substitusjonsvurdering har manglar

Avvik frå:

- Produktkontrollova § 3 a

Kommentarar til regelverket:

Produktkontrollova § 3 a seier at verksemdar som nyttar produkt med innhald av kjemisk stoff som kan føre til verknad på det ytre miljøet, skal vurdere om det finst alternativ som fører med seg mindre risiko for slik verknad. Verksemda skal i så fall velje dette alternativet dersom det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Verksemdar er altså sjølv ansvarleg for å aktivt vurdere dei kjemikالية som blir brukt ved verksemda. Mindre skadelege alternativ skal veljast dersom dette kan gjerast utan urimeleg kostnad og ulempe. Utførte substitusjonsvurderingar skal dokumenterast skriftleg.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda har gjort ei grundig substitusjonsvurdering av skumprodukta opp mot helseeffekten av desse, men det er ikkje gjort ei tilsvarende rutine på miljøeffekten av dei valde produkta. Det er ikkje dokumentert noko grunngjeving for dei avgjerslene som er tatt etter ei slik vurdering.

Verksemda skal gjere ei slik vurdering for alle kjemikالية i bruk ved verksemda som kan ha negativ effekt på ytre miljø.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1: Datablad for kjemikaliar er ikkje tilgjengeleg på lagerrom

Kommentarar:

Verksemda har datablad tilgjengeleg for brannskum som vert nytta til øving og i reelle brannar. Datablada var likevel ikkje tilgjengeleg på lagerrom for kjemikaliet. I dette tilfellet vart skum oppbevart på tank i container.

Generelt bør datablad for aktuelle kjemikaliar vere tilgjengeleg på alle stader der kjemikalia vert lagra og/eller handtert. Dette for at det skal vere enkelt for alt aktuelt personell å sette seg inn i korleis eventuelt søl eller lekkasjar skal handterast.

Det ville også vere ein fordel å, i tillegg til datablad, ha prosedyrar på staden for å handtere ev. søl/lekkasje.

8. Andre tilhøve

Øvingslokalitetar

RelyOn Nutec har eit brannøvingfelt på lokaliteten i Gravdal i Bergen. Dette er lokalisert på eit kaiområde på tett asfaltdekke. Skum blir ikkje brukt ofte, men ved bruk har dei ikkje noko oppsamling av brukt skum. Avrenning frå øvingfeltet skjer til ein kum på øvingsplassen som går til sjø utan reinsing. Det er ikkje gjort miljøundersøkingar for å kartlegge ev. påverknad frå feltet på resipient.

Verksemda bruker PFAS-fritt skumprodukt til øving på denne lokaliteten, men det blei oppdaga på tilsyn at dei brukar PFAS-haldig skum i andre delar av verksemda på andre lokalitetar. Desse produkta står på lista frå Miljødirektoratet som Statsforvaltaren har fått utdelt i samband med tilsynsaksjonen. Lista viser skumprodukt som inneheld PFAS utan at dette er oppgitt i databladet eller frå produsent. Verksemda har gjennomført ei nøye substitusjonsvurdering av skumprodukta dei brukar (helse) med omsyn til PFAS. At skumprodukta likevel inneheld PFAS var ukjent for verksemda.

Om verksemda ønsker å fortsette med bruk av PFAS-haldig produkt så krev dette løyve etter forureiningslova.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- HMS datablad på brannskum brukt ved verksemda